

ÅRSMELDING FEIOS SOKNERÅD 2019

Feios sokneråd har vore sett saman slik:

Rune Hjortland –leiar

Arnstein Berdal –nestleiar

Marianne Hove Harbakk – kasserar

Leif Eikeland - fellesrådet

Jofrid Tennefoss Helleland – diakoniutval

Vigdis Dvergedal Sætre - skrivar

Ingvar Rinde – 2.vara

Soknerådsarbeid

Feios sokneråd har hatt 2 møter i 2019. Soknerådet har handsama 14 saker.

I tillegg hadde soknerådet eitt valmøte.

Kyrkjelydsmøte (årsmøte) vart halde etter gudstenesta 17.februar. Det vart servert kaker og kaffi før møtet starta.

Hovudmålsetjinga til soknerådet har vore:

Få fleire med på gudstenester, bruka kyrkja vår.

Driva ungdomsklubben.

Halda kyrkja og kyrkjegarden i god stand .

Faste saker:

- Innspel til gudstenesteplanen
- Kyrkjevertar
- Tildeling av offer
- Ungdomsklubben
- Fasteaksjonen
- Dugnad på kyrkjegarden
- Konfirmantfest

Ungdomsklubben

Det har vore ungdomsklubb for 5.-10.klasse siste onsdagen i månaden (august- april). Trond Kråvik har vore leiar for ungdomsklubben saman med ungdommar frå Sygna. Ein eller to personar frå soknerådet har vore med kvar gong med ansvar for nøkkel og mat. Felles avslutning for ungdomsklubbane i Feios og Fresvik var i år i Feios.

Fasteaksjonen

Årets fasteaksjon vart gjennomført med bra ver. 5 konfirmentar og foreldre deltok. Feios sokn fekk inn 3798kr

Dugnad

Dugnaden på kyrkjegarden vart i år halden 23. april. Soknerådet sytte for servering. Veret var bra, men ikkje så mange møtte.

Konfirmentane

Konfirmentane i Feios og Fresvik har hatt felles undervisning. Det var felles konfirmentfest for alle konfirmentar i Vik på Kyrkjestova laurdag 6.april. Feios sokneråd sytte for innbakte pølser. Staben i Vik stod for serveringa.

Konfirmasjon

Konfirmasjonen i Feios var laurdag 27.april. Det var 5 konfirmentar.

Val

9.september var det val av nytt sokneråd. Valet fann stad i gymsalen på Feios skule. Soknerådet stilte som funksjonærar og talde og opp stemmene etter at valet var avslutta.

Det nye soknerådet er sett saman slik:

Faste medlemmer:

Monica Feidje Midlang

Åse Skjerdal Grindedal

Gjertrud Samland

Maria Tveit Lunde

Astrid Tveit

Leif Eikeland

Varamedlemmer:

Roger Ulvestad

Terje Høyum

Jorunn Vangsnes

Arnstein Feidje Linde

Leif Bjarne Bjørnstad

Avskil med presten

På lysmessa 1.desember fekk prest Stein Arne Larsson overrekt avskjedsgåve og blomster frå det gamle og det nye soknerådet.

Nøkkeltal for 2019

12 gudstenester. Ei av desse var skulegudsteneste.

2 døypte

1 utmelding

Feios 12.februar 2020

Rune Hjortland (leiar)

